

sumarvarmen er stor, kan derimot moldinga i god grasmyr ha kome så godt i veg at vi får ikkje betalt for meir kveve enn det vi kaster ut tidleg om våren, for å få god fart i grasveksten. 20—30 kg kalksalpeter pr. dekar kan då gjera god teneste. Seinare på sumaren greier slik myrjord seg sjølv med kveve. Er det derimot nydyrka myr — og mosemyr som ennå ikkje er kome skikkeleg i gang, sjølv etter fleire år — så kan 50—60 kg kalksalpeter pr. dekar delt på 2—3 vender vera høveleg gjødsling. Ny mosemyr kan ofte krevje endå større mengder for å gi rikeleg grasvekst.

LOVA OM VERN MOT JORDØYDELEGGING.

*Rundskriv fra det kgl. Landbruksdepartement
av 20 juni 1949.*)*

Lova om vern mot jordøydelegging frå 18. mars i år tok til å gjelde frå 31. mars i år.

Det gjeld her ei viktig lov.

Gjennom lange tider har torvmyr og lyngmark over store delar av landet vore nytta på ein måte som har ført med seg ei stor og skadeleg jordøydelegging. Fyrst og fremst i kystbygdene på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, men og sørvest i landet. Dei etterrøkingane jordvernemnda har gjort syner at i 110 kystherad frå Hordaland til Finnmark er gjennom åra over 55.000 dekar jord øydelagt eller forringa som fylgje av urasjonell torvdrift og moltdak. I desse bygdene blir det kvart år øydelagt om lag 1030 dekar jord (før krigen).

Det kan ikkje gå lenger på denne måten. Ein må få rådbøter til å stanse denne jordøydelegginga og samstundes koma bort frå den sløsinga med torva som dei gamle driftsformene fører med seg. Så lite jord ein har mange stader etter kysten, gjeld det framfor alt å ta vare på den jorda som er, dersom det ikkje skal bli altfor vanskeleg å livberge seg der for dei som kjem etter.

Det blir her tale om ymse rådgerder. Eitt av midla, og det eit sers viktig middel, til å stanse jordøydelegginga, er lovføresegner som kan trygge at nyttinga av myrane kan koma over i ordna rasjonelle driftsformer. Slike føresegner har vi nå fått i lova om vern mot jordøydelegging.

Det er greit at ei slik lov bryt ikkje så lite med gamle tilvante driftsformer på eit så viktig omkverve som forsyninga med brenntorv i kystbygdene, og vil kunne skapa ymse vanskar for folket der. Mange vil kanskje kjenne det som eit noko hardt inngrep i arbeidet deira for å skaffe seg brenne.

*) Vi offentliggjer her et rundskriv som Landbruksdepartementet sendte fylkenes landbruks- og skogselskaper i fjor sommer. Da torvsesongen var over før en rakk å distribuere rundskrivet, har vi ventet med å ta det inn i tidsskriftet til nå så det kan stå i friskt minne hos de interesserte til kommende torvsesong.

Skal lova kunna fylla oppgåva si, er det derfor viktig at folket sjølv forstår at lova er naudsynleg og til deira eige beste, og at dei får all den faglege rettleiing og hjelp som er mogleg. Her trengst det eit energisk opplysningsarbeid (gjennom Myrselskapet og dei faglege tenestemennene våre rundt omkring i bygdene, fylkes- og heradsagronomar, skogbruksfunksjonærar m. fl.), så folk kan bli interessera og skjønar at det er naudsynt å koma over til nye rasjonelle driftsformer. Vidare må tenestemennene gå inn for arbeidet med å gje best mogleg fagleg rettleiing og hjelp, både når det gjeld sjølvve driftsmåten og når det gjeld arbeidet med den omlegginga som fleire stader må til frå torv til anna brenne. Det gjeld her å få til eit godt samarbeid mellom dei ymse faglege tenestemennene og folket i desse bygdene og med jordstyra som får med dette å gjera.

Departementet skal derfor be landbruksselskapa og fylkesskogselskapa om på beste måten å ta seg av dette i samarbeid med kvarandre og påleggje tenestemennene sine og jordstyra å gå inn for arbeidet med å få gjennomført ein rasjonell bruk av torvmyrane.

Gjeld det etterrøkingar eller planleggingsarbeid som vedkomande tenestemann ikkje sjølv kan ta på seg, eller som krev serleg fagleg opplæring, kan ein vende seg til Det norske myrselskap eller konsulentane til selskapet:

1. For kystbygdene på Vestlandet og i Trøndelag til konsulent Osc. Hovde, Åfarnes.
2. For Nord-Noreg til konsulent Per Hornburg, Kjellmoen p. å. om Finnsnes.
3. For Østlandet og Sørlandet til og med Rogaland og i dei indre bygdene på Vestlandet og i Trøndelag til Det norske myrselskap, Rosenkrantzgt. 8, Oslo.

Innan kvart herad blir det jordstyret som i fyrste rekkje må føre tilsyn med at lova blir fylgd. Dersom nokon bryt lova, skal jordstyret melde dette til landbruksselskapet, som ved fyrste høve sender ein av tenestemennene sine for å sjå på tilhøva. Er det på nokon rimeleg måte mogleg å rette på skaden, skal ein gje vedkomande pålegg om å rette på han innan ein rimeleg frist. Vert ikkje pålegget etterkome, må saka meldast til politiet.

Etter utgangen av kvart år har dei jordstyra som har hatt saker til handsaming etter denne lova gjennom landbruksselskapet å sende melding til departementet om arbeidet med lova og dei røynslene ein har gjort.

Jordstyra kan i dette høve rekne med fastsett godtgjering som for anna jordstyrearbeid.

Ein legg ved avtrykk av lova til deling på jordstyra og dei faglege tenestemenn. Til § 1 i lova skal ein segja frå, at dei minstemåla som er fastsett gjeld avstanden frå overflata til undergrunnen etter at torvgrava er jamna ut. At torvlaget etterpå søkk i hop slik som det ofte gjer, har såleis ikkje noko å seia.

Til § 3 skal ein merke, at skogbrannlova frå 14. juli 1893 og har

føresegner om lyngbrenning (i § 2). Etter denne lova er det forbod mot lyngbrenning i månadene juni, juli og august, og fylkestinget kan gjera vedtak om at det same og skal gjelda i mai og september. I den tida det gjeld slikt forbod, kan jordstyret sjølv sagt ikkje gje samtykke til lyngbrenning. Og dei føresegner skogbrannlova gjev for å trygge mot brann gjeld likeeins som før.

Med di ein viser til § 5 i lova gjer ein serleg merksam på at dersom ein bruksretthavar meiner at føresegnene i lova fører med seg at retten hans vert minka urimeleg mykje kan ha spørsmålet om bridge i brukstilhøva inn for utskiftingsretten.

NY FRANSK OPPFINNELSE AV ORGANISK GJØDSELSTOFF.

Oppfinnelsen går ut på industriell fremstilling av organisk gjødsel av torv. Som utgangsmateriale brukes noe formolda torv med ca. 80 % vanninnhold som utsettes for kjemisk-mikrobiologisk behandling. Torvmassen behandles først i en maskin som trekker fibrene fra hverandre, hvoretter den knaes sammen igjen og tilsettes en oppløsning som bevirker gjæring. Denne prosess er avhengig av lufttilgang. Etter behandlingen i nevnte maskin blir massen lagt i haug på et sted med tett underlag. Underlaget må være formet slik at væske som presses ut av massen samles i en renne, og herfra spredes den igjen ut over haugen. Etter 8 dager tilsettes haugen et preparat av torv som inneholder mikrokokker og inkubasjonen foregår. Hele behandlingen oppgis å ta 15—20 dager, og så er «gjødsele» ferdig.

De stoffer som skal tilsettes, oppgis å være meget rimelige i pris. Stoffene er beskyttet ved følgende to patenter:

- a) Patent — Kjemo-mikrobiologisk proces uttatt 8. oktober 1948 i det franske patentstyre under no. PV 561 706 — S.G.D.G.
- b) Patent — Kjemo-mikrobiologisk proces uttatt den 9. november 1948 i Holland under no. PV 543 210 som dekker hele Europa.

Hvis det er noen av tidsskriftets lesere som har nærmere interesse av disse patenter, kan en henvende seg til *Société de Production d'Engrais Organiques*, Siège: 20, rue Lesueur, Paris.

LANDBRUKSUKA 1950.

Den norske Landbruksuke er i år henlagt til dagene 6.—10. mars. Myrselskapets møter under uka vil bli holdt onsdag den 8. mars til følgende tider:

Representantmøte kl. 11.30. Årsmøte kl. 12.15. Foredragsmøte (sammen med Ny Jord) kl. 17.00.

Foredragsholdere blir i år konsulent Eystein Gjelsvik og sekretær Ole Lie. Titelen på Gjelsviks foredrag er: «Nydyrking og gjenreising i Finland» og Lies emne blir: «Fra mosemyr til åker og eng».

Representant- og årsmøte holdes i Landbrukssalen, Bøndernes Hus, og foredragsmøte i Festsalen, Håndverkeren, Oslo.